



Kommunedelplan for naturmangfald Vanylven kommune

Rapportdato 28.01.2026



1	BAKGRUNN	1
2	PLANPROSESSEN OG ORGANISERING	2
3	KVIFOR TRENG VI EIN KOMMUNEDELPLAN FOR NATUR- MANGFALD?	3
3.1	KVIFOR TA VARE PÅ NATUR?	3
3.2	KORLEIS TA VARE PÅ NATUR?	4
3.3	KVA TRUAR NATUREN?	5
4	MÅLKONFLIKT OG PRIORITERINGAR	8
5	NATURGRUNNLAGET	9
5.1	GEOGRAFI, KLIMA, LANDSKAP	9
5.2	AREALBRUK	9
5.3	MARINE GRUNNKART	10
5.4	KLIMAPROFIL MØRE OG ROMSDAL	10
6	KUNNSKAPSSTATUS	11
6.1	VERNEOMRÅDE	13
6.2	NATURTYPAR	15
6.3	ARTAR	17
6.4	MARINE NATURTYPAR	18
6.5	GYTEFELT/-OMRÅDE I SJØ	19
6.6	VASSFORVALTNING	19
7	OPPSUMMERING OG FORSLAG TIL PRIORITERINGAR	21
8	MÅL OG TILTAK	26
8.1	GJELDANDE SAMFUNNSPLAN	26
8.2	PRIORITERING AV MÅL OG TILTAK	27
8.3	MÅL	27
8.4	TILTAKSPPLAN 2026-2027	33
9	FØRINGAR OG LOVVERK	35
10	VIKTIGE OMGREP OG ORDFORKLARINGAR	37



1 Bakgrunn

Kommunestyret i Vanylven vedtok 05.02.2024 å utarbeide ein kommuneplan for naturmangfald. Dette er følgt opp som eit av punkta kommunen vil gjennomføre i forslag til planstrategi 2024 - . Bakgrunnen for arbeidet er m.a. kommunen sitt ønske om å avklare arealbruk og støtte opp under attbruk av areal for å sikre ei berekraftig samfunnsutvikling.

Det er mykje *natur* i Vanylven, likevel er det ein kamp om areala. Mange saker handlar om å vurdere - ta i vare natur eller utvikling ved ta i bruk areal og/eller naturressursar. Ofte er kunnskapsgrunnlaget om naturen eller kjennskap til konsekvensen for naturen låg, og dermed er det ikkje kjent at det vert gjort prioriteringar eller val. Dette skapar problem for naturen vår, som ofte vert nedprioritert i møte med andre omsyn. Auka kunnskap som eit grunnlag for medvitne val og prioriteringar, er viktig i saker som handlar om natur.

Denne kommuneplanen er Vanylven sin første for naturmangfald, og den skal medverke til å styrkje kunnskapsgrunnlaget for politiske og administrative avgjerder i kommunen. Planen skal vere eit verkemiddel for å setje naturmangfaldet på den lokalpolitiske dagsordenen. Vidare skal den etablere ei større grad av lokal forankring og medverknad med omsyn til viktige naturområde i kommunen. Den skal bidra til å utdjupe mål og strategiar i kommuneplanens samfunnsdel, og gi viktige innspel til kommuneplanen sin arealdel.

Kommunedelplanen har ein tidshorisont på 12 år. Planen er ikkje juridisk bindande, men gir føringar og retningslinjer som bør prioriterast og sikrast i juridisk bindande planar (kommuneplanens arealdel og reguleringsplanar) og/eller ved eigedomsforvaltning, anleggsverksemd, forvaltning av grønstruktur og via informasjon til innbyggjarar. Planen skal vera eit retningsgivande styringsverktøy for kommunen. Den skal gi eit betre grunnlag for avgjersle ved å avvege ulike interesser, forenkle sakshandsaming og skape føreseielegheit for forvaltninga, grunneigarar og innbyggjarar.

Kommunedelplanen består av ein tematisk del og ein handlingsdel.

Den tematiske delen omfattar kunnskapsgrunnlag og dagens situasjon, samt synleggjer utfordringar, trugslar og kunnskapshol. Vidare er det eit eige kapittel med målsetningar og retningslinjer for korleis ein skal vareta naturmangfaldet i Vanylven. Behov for ytterlegare kartlegging av natur er følgt opp i planen sin handlingsdel. Handlingsdelen skildrar også tiltak for dei viktigaste satsingsområda og utfordringane for naturmangfaldet i kommunen. Planen sin handlingsdel skal reviderast hyppigare enn temadelen.



Hovudmålsetjinga er at kommunedelplanen er eit verktøy for å ta vare på naturen i Vanylven gjennom berekraftig forvaltning.

2 Planprosessen og organisering

Planprogram for kommunedelplanen er vedteke i kommunestyret Vanylven kommune 17.06.2024.

Vanylven kommune søkte og fekk i 2024 støtte frå Miljødirektoratet til å utarbeide kommunedelplan for naturmangfald.

Kommunedelplanen er utarbeidd av eining for arealforvaltning i tett samarbeid med andre relevante einingar. Arbeidet er organisert som eit prosjekt, der rådgjevar med plankompetanse ved kommunedirektørens kontor er prosjektleiar.

- Styringsgruppe: Formannskapet.
- Arbeidsgruppe: Gruppa har bestått av tilsette frå kommuneadministrasjonen, samt fagkonsulent ABO Plan & Arkitektur Stord AS og Biota Naturkompetanse AS. Konsulentane har stått for utforming av planen.



Det er gjennomført informasjonsmøte om planarbeidet 29.10.2024 med ønske om innspel til kunnskapsgrunnlaget og problemstillingar. Her møtte i under kant av 20 personar - privatpersonar, representantar frå lag/organisasjonar, lokalpolitikarar og kommuneadministrasjonen. I tillegg har det vore orienteringar og arbeidsmøte med Styringsgruppa.




3 Kvifor treng vi ein kommunedelplan for naturmangfald?

3.1 Kvifor ta vare på natur?

Overordna føringar legg til grunn at naturen skal forvaltast slik at plantar og dyr som finst naturleg skal sikrast i levedyktige bestandar, og variasjon av naturtypar og landskap skal oppretthaldast. Naturmangfald er alle dei ulike variasjonane av liv som finst i naturen. Naturområda er viktige lokalt, men kan også sjåast i eit større perspektiv til å ha regional og nasjonal verdi. Ei heilskapleg forvaltning der ein ser alle naturområde i samanheng er nødvendig dersom ein skal ta vare på artar og naturtypar på lang sikt, jf. naturmangfaldslova §§ 4 og 5.

Naturen er grunnlaget for alt liv og areal er ikkje ein fornybar ressurs. Naturen har ein eigenverdi og sikrar oss tilgang til økosystemtenester. Desse tenestene, som t.d. drikkevatt, matproduksjon (fisk, skaldyr etc.) og pollinering av matplantar krev intakte økosystem. Ein artsrik skog er betre til å halde på jorda, reinse luft, jord og vatn, og verne oss mot ekstremvær som vind og ras. I tillegg er naturen viktig i eit folkehelseperspektiv. Han har stor verdi som opplevings- og rekreasjonskjelde. Berekraftig bruk og forvaltning av naturen er avgjerande for å stanse tap av naturmangfaldet.

Naturens goder, bærekraft og klima



www.nina.no



Kilde: Stockholm Resilience Centre, Stockholm University



3.2 Korleis ta vare på natur?


Det mest sentrale lovverket for å styre arealbruk er plan- og bygningslova. Lova skal sikre ei samordning og avveging av samfunnsinteresser. Kommunen skal vareta nasjonale, regionale og lokale miljøinteresser i arealplanlegginga, og i arealplan skal kommunen leggje premissar for å ta omsyn til klima, natur- og friluftsområde og miljøkvalitetar. Som lokal planmynde har kommunane stor påverknadskraft for å avgrense tap av naturmangfald som følgje av arealendringar.

Naturmangfaldlova er eit viktig verkemiddel for å ta vare på natur. Lova gjeld for alle sektorar som forvaltar naturmangfald eller tek avgjerder som har konsekvensar for naturmangfaldet. I tillegg er m.a. skoglova, jordlova, viltlova, vassressurslova, samt lov om laksefisk og innlandsfisk mv. relevante.



Tiltakshierarkiet

I all forvaltning er tiltakshierarkiet sentralt for å unngå negativ påverknad på naturmiljø, sjå figur under. Denne legg til grunn at ein først og fremst skal unngå skade eller negativ verknad. Dette har høg prioritet i forvaltninga og gir stor effekt for å ta i vare natur. Dersom dette ikkje er aktuelt er dei neste stega tiltak for å avgrense skaden, deretter å sette i stand eller restaurere. Kompensasjon har lågast prioritet.




Figur 1. Tiltakshierarkiet. Kjelde: Miljødirektoratet.

3.3 Kva truar naturen?

Økosystema er komplekse og ofte er det fleire faktorar som påverkar samstundes.

Arealendringar, forureining, klimaendringar, framande artar og hausting er dei viktigaste årsakene til tap av naturmangfald. Av desse er det arealendringar som er den klart viktigaste faktoren.



Effekt av de fem påvirkningsfaktorene på indeksverdien for hvert økosystem. Effekten av en påvirkningsfaktor måles som bidraget til reduksjon av Naturindeksens verdi for 2019 fra indikatorer i det aktuelle hovedøkosystemet som er sensitive mht. faktoren. En høy verdi/søyle betyr at påvirkningsfaktoren har stor negativ effekt på Naturindeksverdien for gitt økosystem. Merk at effekten av påvirkningsfaktorene ikke kan summeres fordi flere av indikatorer er følsomme for flere av påvirkningsfaktorene og dermed inngår i tallgrunnlaget for flere av søylene innenfor samme hovedøkosystem.

Figur 2 Naturindeks 2019 og faktor for påverknad. Kjelde: [Miljødirektoratet](#).

3.3.1 Arealendringar og tap av leveområde

Arealendringar omfattar både utbygging til infrastruktur og busetnad, men også t.d. nydyrking, drenering, skogbruk, nedlegging av landbruksdrift og dyrehald/beite (kulturlandskap), oppdemming/vassdragsregulering, bekkelukking, botntråling og oppdrettsanlegg med meir.


Arealendringar og tap av leveområde for artar er den største trugselen for naturmangfald i Noreg. Dette er også situasjonen i Vanylven kommune. Spesielt er bit-for-bit utbygging og dermed ei fragmentering av artar sitt leveområde ein trugsel. Møre og Romsdal Fylkeskommune har utarbeida eit digitalt verktøy for kommunane – [Arealrekneskap](#). Verktøyet er stadig i utvikling og er seinast oppdatert med meir informasjon og nøkkeltal knytt til naturverdiar.

I følgje Arealrekneskap Møre og Romsdal 2025 har Vanylven kommune ein planreserve bestående av utbyggingsføre mål på om lag 11.300 daa. Dette inkluderer areal avsett i både kommuneplanen og i reguleringsplanar. Dette utgjør store areal og potensielt store inngrep i naturområde. Samla utgjør dette eit arealbeslag av om lag 2.600 daa skogsområde og 1.800 daa myrområde. Sett i lys av samla omfang, utgjør dette eit arealbeslag på 4 % av samla skogsareal i kommunen og om lag 11,5 % av kommunen sitt samla myrareal. Ringverknadane utover sjølv arealbeslaget er då ikkje rekna med. Utrekningar basert på dagens arealreserve viser arealkonflikt med ca. 450 daa verdisett natur (KU-verdi) og 220 daa naturvernområde. Vidare, om alle utbyggingsområda vert utbygd utgjør dette eit utslipp på over 1. million CO₂-ekvivalentar (75år).

Døme frå arealrekneskap Møre og Romsdal 2025:

Den største reserven i kommunen er for framtidig utbygging av fritidsbustadar (underkant av 6000 daa). Vanylven er i dag ikkje ein utprega hyttekommune og det er små og spreidde område for fritidsbustadar. Planreserven gir grunnlag for store utbyggingar som vil gå vesentleg på bekostning av natur. Areal innanfor føremåla avsett til framtidig fritidsføre mål er registrert som skog (ca. 900 daa), myr (ca. 700 daa),

jordbruksareal (ca. 250 daa) og ope fastmark (ca. 4000 daa). Utbygging av desse områda vil utgjøre store inngrep i område med naturkvalitetar og dermed tap av leveområde, område med økosystemtenester og biologisk mangfald.



Figur 3 Status planreserve alle utbyggingsføre mål i gjeldande KPA for Vanylven kommune. Utklipp med data for 2025. Sjå [lenke her](#) for større kart meir informasjon. Kjelde: Fylkeskommunen i Møre og Romsdal.

I tillegg til direkte arealbeslag eller inngrep, har bruk av areal ringverknadar. Dette kan vera støy, aktivitet, ferdsel og potensielt forureining som gjer at artar må flytte på seg, vert forstyrta og liknande. Særleg sårbare periodar er t.d. hekke- eller yngleperiodar.

Fleire av fjellvatna i kommunen er del av vasskraftutbygging og er såleis regulert. Dette har som oftast negativ verknad for fisk og andre ferskvass-organismar.

3.3.2 Klimaendringar

I følgje Regjeringa er det eit grunnleggjande utgangspunkt at natur- og klimakrisa heng saman (St.meld. 35 (2023-24)). I det globale bildet har klimaendringar m.a. påverknad ved at artar flyttar seg for å overleve, at vekstsesongen for plantar vert påverka av tørke/flaum/ekstrem vêr, og at

havet vert surare. Det er forventa høgare havnivå, meir erosjon, høgare temperaturar og meir ekstremvêr som flaum, styrtregn og stormar i Noreg, inkludert Vanylven kommune, sjå også kapittel 5.4 om Klimaprofil Møre og Romsdal.

Konsekvensen for naturen er m.a. attgroing, endring av artar sitt leveområde/-stad, levevilkåra endrar seg og grunnlag for auke i framande artar og meir skadedyr. I tillegg til dette vil klimaendringane påverke økosystemtenestane som naturen gir oss, som reint vatn, rein luft, medisin, ved, mat og mykje anna.

Vanylven har ein variert geografi og klimatisk variasjon, med topografi frå hav/kyst til fjellområde. Likevel vil hyppigare hendingar med kraftig nedbør og auka hendingar med overvatn, endringar i flaumforhold og flaumstorleik, jordskred og flaumskred, samt havnivåstigning og stormflo vera relevant i kommunen. Desse klimahendingane vil ha påverknad på biologisk mangfald lokalt, særleg for areal/ leveområde ved vassdrag og tett på sjøkanten.

3.3.3 Forureining

Forureining er ein trugsel mot naturmangfald ved at leveområda kan verta øydelagde eller at forureining kan gi ringverknadar til næringskjeda.

Døme på forureining er mikroplast, kjemikaliar, utslipp frå oppdrett, industriverksemder og avlaupsreinseanlegg, og gjødsel frå jordbruket. Også avrenning frå t.d. fyllplassar/deponi eller industrielle utslipp/gruvedrift, kan medføre forureining og vil ha påverknad på lokalt biologisk mangfald. Det er fleire industri-/deponiområde i kommunen, der det er mistanke/liten informasjon om forureining eller deponering av avfall (kjelde; Miljødirektoratet). Desse er knytt til næringsområde på Åheim (gruvedrift) og kommunalt deponi på Myrane i Fiskå, Lilleeide og Ryda i Syvde.

Det er i dag to sjøanlegg med aktiv drift for produksjon av laks/regnbogeaure/aure), samt to landbaserte settefiskanlegg for laks/regnbogeaure/ aure og reinsefisk (berqqylt/roqnkjeks).

Oppdrett kan påvirke naturmangfold i sjø, som t.d. utslepp av næringsstoff, spreiing av lakselus og potensial for genetisk innblanding ved rømming av fisk frå anlegg. Oppdrettsnæringa må sjåast på i større samanheng enn kommunegrensene, og heller fjordsystema som heilskap. Innanfor Vanylven sine kommunegrenser og i fjordsystema rundt er det truleg avgrensa kor mange fleire sjøanlegg for laksefisk som kan etablerast med omsyn til m.a. krav til avstand mellom anlegg.



Figur 4 Gitte løyve til produksjon av akvakultur pr. august 2025. Kjelde: Fiskeridirektoratet.

3.3.4 Framande artar

Framande artar er artar som ikkje er naturleg del av den lokale flora eller fauna. Framande artar kan medverke til at det vert eit fattigare biologisk mangfald og færre artar lokalt. Framande artar kan overta leveområde til naturlege artar, då dei ofte har stor evne til å spreie seg og er større/kraftigare enn lokale artar.

I Vanylven er det registrert mange framande artar, spesielt langs fylkesvegane er arten parkslirekne funne. Dette er ein art som spreier seg raskt og er vanskeleg å bli kvitt.

4 Målkonflikt og prioriteringar

Kommunen handsamar mange ulike saker og fagfelt, og må ta stilling til målkonfliktar dagleg. Dette kan t.d. vera målkonfliktar mellom natur/klima/klimatilpassing/friluftsliv og utvikling ved å ta i bruk areal og/eller å utnytte naturressursar. Ofte står natur og verdiane den representerer på den eine sida og på den andre sida utvikling og økonomisk vekst/folkevekst/arbeidsplassar etc.. Døme på slike saker kan vera:

- Utnytting av naturressursar til gruvedrift
- Behov for areal til grønne næringar
- Ønske om utbygging av grønne energiformar (solpark, vindmøllepark)
- Etablering/utviding av oppdrettsanlegg på land eller i sjø
- Etablering av molo eller erosjonssikring langs sjø
- Utfyllingar i sjø for å skape nytt byggeland
- Utbygging på areal med nedlagd jordbruksland/kulturbeite

I alle saker må fordelar og ulemper drøftast, og prinsipielle spørsmål stillast for å ha eit grunnlag for medvitne val og prioriteringar. Vurderingane må sjåast i kortsiktig og langsiktig perspektiv. Omsyn til natur må også sjåast i samanheng med friluftsliv, folkehelse og klimatilpassing.

Døme på diskusjonar/spørsmål kan vera:

Kva er målkonflikten? Kva omsyn skal vurderast i saka? Er tiltaket lokalisert på riktig stad ut frå verknadane tiltaket vil ha? Er det behov for tiltaket og er det mogleg å finne alternativ lokalisering som er betre? Er det mogleg å finne løysingar som tek i vare naturverdiane saman med utbygginga?

Møre og Romsdal (Sunnmøre) er eit tyngdepunkt for den utvalde naturtypen olivinskog i Noreg. Ein av dei tre viktigaste olivinområda i Møre og Romsdal ligg i Vanylven kommune. Trugslane til olivinskogane er bergdrift og skogproduksjon. Olivinskogen har ein eigenverdi som naturområde for plantar og artar, i tillegg kan områda ha potensial til å vera ein turistattraksjon.

I saker om enten turisme, bergdrift eller skogproduksjon i olivinskogen i Vanylven må kommunen vurdere fordelar opp mot ulempe, og stille spørsmål om natur og næringsinteresser kan gå hand i hand, er det behov for å prioritere mellom ulike næringar og kva profil kommunen vil ha. Kva innverknad vil turisme og tråkk kunne ha på naturverdiane, er det berekraftig for naturen i området? Vurdering av ny utbygging/ressursutnytting må også sjåast i samanheng med natur, og kunnskapsgrunnlaget må stå i forhold til verknadane ny utbygging vil ha. Svaret i saka kan ligge i:

- Vinn-vinn tiltak: Ei løysing som tek i vare både natur og hovudmålet med saka/tiltaket.
- Eit kompromiss: Ei løysing der begge sidene av saka tapar noko og ein godtar noko negativ påverknad.
- Ei prioritering: Det eine sida av saka vert vekta høgare og prioritert framfor den andre.

Det sentrale er at kunnskap om natur og miljø vert synleg slik at vedtak vert fatta basert på eit faktagrunnlag som belyser konsekvensen av natur og miljø.

5 Naturgrunnlaget

5.1 Geografi, klima, landskap

Vanylven har eit areal på 386 km². Av dette er om lag 2,6 % strandsone (100-metersbeltet utgjør totalt 10,2 km²). I følgje SSB sin statistikk er 65 % av strandsonearealet i kommunen omfatta av bygg, dyrka mark eller vegar.


Landskapet i Vanylven kommune er variert og spenner frå rolege fjordar til utsett kyst og frå breie dalføre til spisse fjell. Høgaste fjelltopp i kommunen er Blæja (1143,4 moh). Ein del av kommunen ligg utsett til med storhavet like utanfor, og difor er areal/tiltak som er særleg utsett for sterke naturkrefter sikra med store moloar eller stranda nærast sjøen erosjonssikra med store steinar/ steinsettingar. I desse områda er det lite skog og områda er dominert av lågvegetasjon og landskapet relativt eksponert og sårbart. Inne i fjordområda Syvde, Sylte og Åheim er areala meir skjerma for storhavet sine krefter. Her finn ein meir skogkledd vegetasjon, samt at veg og busetnad er trekt noko nærmare sjø enn i dei meir eksponerte områda. Her er også den dyrka marka i stor grad heilt ned til sjøkanten enn andre meir eksponerte områda.

Vanylven ligg i "Gneisregionen" og den dominerande bergarten i Vanylven er ein biotittthaldig granittisk gneis, med innslag av andre bergartar, særleg augnegneis og olivin, serpentinit og kleberstein. Gneis er hard, forvitrar seint og gjev eit litt surt jordsmonn. Gneisen i Møre og Romsdal har eit varierende innhald av hovudmineral kvarts, feltspat og mørk glimmer (biotitt). Biotitt er interessant i botanisk samanheng. Det finnst også ein del førekomstar av bergarten olivin i Vanylven.

Klimaet i Vanylven er oseanisk og har følgeleg høg årsnedbør og mild vintertemperatur. Dei fleste fjordane har retning nord-sør, og dette har innverknad på dei lokalklimatiske forholda. Det er laga mange ulike system for klassifisering av korleis naturtilhøve varierer geografisk. I NIJOS sin inndeling av landskapsregionar ligg Vanylven på grensa mellom regionane "Ytre fjordbygder på Vestlandet" og "Kystbygder på Vestlandet".


5.2 Arealbruk

Kommunen sitt areal er klassifisert i ulike markslag. Store deler av kommunen sine område nærmast sjøen og dalane innover mot fjellet er dominert av bygg, vegar eller jordbruksareal. Det er i randsona til desse områda at ein finn område som er definert som skog i kommunen. Lengre inn på land er det ope fastmark som dominerer. Myrområda i kommunen er spreidd, der det er fleire store og samanhengande område, sjå figur.



Figur 5. Oversikt av areal registrert som myrområde (lilla) og skogsområde (grøn) i kommunen (kjelde AR5).

Det er ope fastmark som dominerer i kommunen, om lag 240 000 dekar. Den opne fastmarka består av både jorddekt fastmark (lynghei og fjellhei) og skrin fastmark (bart fjell). Samla myrareal i kommunen utgjør om lag 15 600 dekar og skogsområda om lag 69 400 dekar. Omtrent 90 % av kommunen sitt fastlandsareal består av naturområde.



Ein stor del av bustadane i kommunen er lokalisert innanfor 100-metersbeltet mot sjø og det same er den dyrka marka. Dette er naturleg ut frå topografien i kommunen, der det er høge fjell lengre inn på land og dei meir flate og nyttbare areala ligg ved sjøen og dalføra. I stor grad er topografi og landskap prega av dei høge fjella som stig oppover, relativt tett på sjøen. Topografi saman med busetnaden dannar i mange område avgrensa og «relativt små» landskapsrom, då foten av fjellet er tett på sjøen. Unntak frå dette er område der foten av fjellet er lengre inn på land og der det er dalføre som går innover land. Døme på dette er områda ved Åheim, Fiskå, Eidså, Syvde og austre del av Rovde.

5.3 Marine grunnkart

I samband med [interkommunal kystsoneplan 2024-2036](#) for ytre søre Sunnmøre er sjøområda i kommunen kartlagd og ein har kunnskapsgrunnlag om m.a. terrenget på havbotn, sediment på botn (detaljert) og botnfallingsområde. Desse datasetta gir nøkkelukunnskap om marine habitat og såleis eit grunnlag for å utvikle, bruke og beskytte sjøområda.

5.4 Klimaprofil Møre og Romsdal

[Norsk klimaservicesenter](#) lagar m.a. klimaprofilar som sei noko om forventna klimaendringar og klimautfordringar for fylka i Noreg. For Møre og Romsdal er det peika på eit særleg behov for tilpassing til kraftig nedbør og auka problem med overvatn, endringar i flaumforhold og flaumstorleik, jordskred og flaumskred, samt havnivåstigning og stormflo.

Følgjande er vurderingar for Møre og Romsdal fylke, og dermed relevant i Vanylven kommune:

VESENTLEG AUKE		MOGELEG VESENTLEG AUKE	
	Ekstrem nedbør		Tørke
	Det er venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør både i intensitet og førekost. Dette vil også føre til meir overvatn.		Trass i meir sommarnedbør, kan høgare temperaturar og auka fordamping auke faren for tørke om sommaren.
	Regnflom		Isgang
	Det er venta fleire og større regnflaumar, og i mindre bekkar og elver må ein vente ei auke i flaumvassføringa.		Kortare isleggingssesong, hyppigare vinterisgangar samt isgangar høgare opp i vassdraga. Nesten isfrie elver nær kysten.
	Jord-, flom- og sørpeskred		Snøskred
	Auka fare som følgje av auka nedbørmengder.		Med eit varmare og våtare klima vil regn oftare falle på snødekt underlag. Dette kan redusere faren for tørrsnøskred, og auke faren for våtsnøskred i skredutsette område.
	Stormflo		Kvikkleireskred
	Som følgje av havnivåstigning er det venta auke i stormflonivå.		Auka erosjon som følgje av hyppigare og større flaumar kan utløse fleire kvikkleireskred.
SANNSYNLEG UENDRA ELLER MINDRE			
	Snøsmelteflom	Snøsmelteflaumar vil komme stadig tidlegare på året og bli mindre mot slutten av hundreåret.	
USIKKERT			
	Sterk vind	Truleg lite endring.	
	Steinsprang og steinskred	Hyppigare episodar med kraftig nedbør vil kunne auke frekvensen av desse skredtypane, men hovudsakleg for mindre steinspranghendingar.	
	Fjellskred	Det er ikkje venta at klimaendringane vil auke faren for fjellskred vesentleg.	

6 Kunnskapsstatus

Som nemnt under naturgrunnlaget i kap. 5 er det mykje natur i Vanylven, under 10 % av fastlandsarealet er nytta til busetnad, næring, infrastruktur og jordbruksdrift. Kunnskapen om naturmangfaldet i desse naturområda er varierende og dels mangelfull.

Informasjon om naturmangfaldet i Vanylven er innhenta frå offentlege databasar og eigne rapportar knytt til dømes arealplanar.

Rapportar som omfattar kommunen er m.a.:

- Biologisk mangfald i Vanylven kommune, Møre og Romsdal. Kartlegging av viktige naturtypar (Mattis Vidnes. 2004)
- Supplerande kartlegging av naturtypar i Vanylven kommune 2007. Rapport 2008-01 (Møre og Romsdal Fylke, Areal- og miljøvern-avdelinga. 2008)
- Viltrapport, 2001
- Funksjonell strandsonekartlegging 2025 (ABO Plan & Arkitektur Stord)
- Forvaltningsplan for hjort 2025-2030, Vanylven kommune

Av offentlege databasar er særleg desse relevante:

- [Naturbase](#)
- [Artskart](#)
- [Økologiske grunnkart frå artsdatabanken](#)
- [Kilden](#)
- [Yggdrasil](#)

Vidare i dette kapittelet er dagens kunnskapsgrunnlag skildra i korte trekk.

Det er fleire hol i kunnskapsgrunnlaget som vil vera nyttig å tette. For at kommunen skal kunne ta vare på naturen, må ein kjenne til kva slags og kor naturverdiane i kommunen finst. Sjå forslag til tiltak i kapittel 7 og handlingsdelen.


Ved første augekast, sjå figur på neste side, ser det ut til å vere ein del kunnskap om naturmangfaldet i kommunen. Det er registrert naturtypar på land og i sjø, funksjonsområde for artar og artsobservasjonar inkl. marine og ferskvassartar. I tillegg har kommunen fleire naturreservat og eit dyrelivsfredningsområde.

Ein gjennomgang av datagrunnlaget syner at dei fleste naturtype-registreringane er mellom 10 og 20 år gamle. For ein del av naturtype-lokalitetane er det lite informasjon om artar og avgrensingane kan også vere unøyaktige. Dette gjeld i hovudsak naturtypar registrert etter gamal metodikk (DN-handbok 13). Naturtypar registrert etter MD sin metodikk (M-2209) har betre nøyaktigheit. I sjø er det gjort svært lite kartlegging og registrerte naturtypar er stort sett modellerte.

Ein ser også av kartet at nokre delar av kommunen har fleire registreringar enn andre. Det kan det vere naturlege årsaker til, men det kan også vere at dei lettast tilgjengelege areala har vore prioritert for kartlegging. Kor stor del av kommunen som faktisk er undersøkt for naturtypar og artar er ukjent.

Noko av årsaka til det mangelfulle kunnskapsgrunnlaget kan vere at store deler av Vanylven er fjellområde, og fjellområda i landet er generelt dårleg kartlagt, med nokre få unntak. Det må også påpeikast at enkelte område i kommunen kan ha mindre potensial for funn av raudlista naturtypar og artar, og dermed ikkje prioritert kartlagd. Det meste av berggrunnen i kommunen består av næringsfattige og sure gneis-bergartar, som gjev grunnlag for fattig vegetasjon. Fjordane går oftast i retning nord-sør og det er difor færre sørvendte lier enn i aust-vestvendte fjordsystem, og dermed mindre potensiale for varmekjær vegetasjon, t.d. edellauvskogar. Skogen i kommunen er også stort sett nokså ung jf. modellerte alderskart (Satskog) og er i somme område prega av skogsdrift.

Figur 6. Oversiktskart som viser alle kjente digitaliserte naturregistreringar per august 2025. Naturtypar på land er synt med grøn farge, marine naturtypar er synt med blå farge, funksjonsområde for artar er synt med brun skravur og ansvarsartar syne med grønne punkt.




6.1 Verneområde

I kommunen er det 5 område som er verna etter naturmangfaldslova. Det er ikkje utarbeidd forvaltnings- eller skjøtselsplan for nokre av områda.

- 1) [Helgehornvatnet naturreservat](#). Naturreservat vedteke i 1984. Verneføremål er mineral, geologi: *Føremålet med fredinga er å ta vare på eit område med førekomst av eklogitt i ein større masse av bergarten dunitt. Det er Vanylven kommune som er forvaltningsmynde.*
- 2) [Raudehaugen naturreservat](#). Naturreservat vedteke i 1984. Verneføremål er mineral, geologi: *Føremålet med fredinga er å ta vare på eit område med bergarten dunitt med fleire lag eklogitt, vakkert utforma som ein markert knaus i dalsida. Det er Vanylven kommune som er forvaltningsmynde.*
- 3) [Skåraura naturreservat](#). Skogvern i 2021. Det er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal som er forvaltningsmynde. Verneføremål: *Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit skogsområde som inneheld trua og sjeldan natur i form av ein stor og intakt lokalitet med rikt hasselkratt. Vidare er føremålet å ta vare på eit område som er særleg viktig for biologisk mangfald ved at skogen er velutvikla og har fleire kravfulle artar. Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.*
- 4) [Ramshylla naturreservat](#). Skogvern i 2022. Det er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal som er forvaltningsmynde.
- 5) [Voksaholmane dyrelivsfredning](#). Fredingsområde vedteke i 1988 og fredingsområdet omfattar sjø og landområde i kommunane Vanylven og Sande. Verneføremål fugle- og dyreliv der alle fuglar og pattedyr er freda mot jakt og fangst. Det er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal som er forvaltningsmynde.

I tillegg til dette er ein del av skogen i kommunen definert som «[vernskog](#)», jf. Skogbrukslova §12. Dette er skogsområde som tener som vern for annan skog eller gir vern mot naturskadar, eller område opp mot fjellet eller ut mot havet der skogen er sårbar og kan blir øydelagd ved feil skogshandsaming/-drift (kjelde Norsk institutt for bioøkonomi).



Figur 7 Oversikt av verna naturområde i Vanylven.


I 2019 utarbeidde Klima- og miljødirektoratet ein [Handlingsplan](#) for styrka forvaltning av verneområda. Tiltaka i handlingsplanen gir ei klar forventning til forvaltningsmynde om å styrke forvaltninga for å sikre god ivaretaking av verneverdiane i verneområda. I handlingsplanen frå 2019 finn ein mellom anna desse tiltaka:

- *innrette kartleggingen og overvåkingen i verneområdene slik at vi får nødvendig kunnskap om tilstand og utvikling*
- *videreføre arbeidet med å lage skjøtels- og forvaltningsplaner*
- *gjennomføre skjøtselstiltak som motvirker negative effekter av klimaendringer i verneområder.*

I dag er det Vanylven kommune som er forvaltningsmynde for to av naturreservata i kommunen; Helghornvatnet og Raudehaugen. Forvaltningsansvaret vart overteke på 1980/-90-talet av kommunen. I følge [Miljødirektoratet](#) er dei primære ansvarsoppgåvene å utøve offentlig mynde, rapportere om verneområdet, lage forvaltningsplan/ skjøtelsplan/ strategi for besøkande, søke om midlar og gjennomføre tiltak, følge opp tilstand i verneområda, sørge for fysiske tiltak og tilrettelegging i verneområde og grensemerking.

I dag er områda i og ved desse to verneområda i liten grad under press for utbygging eller annan type aktivitet som kan vera negativt for verneområda. Areala i og kring områda er avsett til LNF-føremål i kommuneplanen, men det er etablerte olivinuttak nord og vest for areala. Det går ei merka turløype gjennom Helghornvatnet naturreservat. Areala i og ved begge områda er naturtypekartlagd etter nyaste NiN-metodikk (sjå også kap. 6.2 om Olivinskog). Innanfor reservatet Helghornvatnet er arealet klassifisert som naturtypen kystlynghei, og nærliggjande areal i sør til naturtypane naturbeitemark og olivinskog. Innanfor reservatet Raudehaugen er det registrert naturtypane olivinskog og kystlynghei. Såleis er det relativt godtkunnskapsgrunnlag i området.


Uavhengig av om trong for plan for området må kommunen prioritere personell, kompetanse og ressursar for å ta i vare ansvaret ein har som forvaltnings-mynde. Det er naturleg at kommunen tek ei grundig vurdering av rolla som forvaltningsmynde for desse to naturreservata.



6.2 Naturtypar

Kartlagde naturtypar i kommunen er å finne i [Naturbase](#), der datasetta vert oppdatert årleg med nye kartleggingar. I tillegg til dette, er det utarbeidd ein del rapportar i samband med reguleringsplanar eller andre kartleggingsarbeid i kommunen.

Kartlegging av naturtypar er i kommunen gjennomført etter tidlegare metodikk i DN-handbok 13 i perioden 1999-2022 (88 naturtype-registreringar). Det er også gjennomført nyare kartleggingar etter NiN-metodikk i perioden 2019-2023 (per 01.12.2024, 125 naturtype-registreringar), samt i tillegg feltsesongen 2025 (pt. ikkje kartfesta i naturbase.no). Kartlegginga som er gjort av landareala i kommunen så langt, har fokusert på naturtypar i skog, våtmark og i kulturlandskapet. Frå dette data-grunnlaget kan ein trekke fram olivinskog, edellauvskog, naturbeitemark og kystlynghei som viktige og typiske naturtypar for kommunen.



Figur 8 Oversikt som viser kartlagde naturtypar per mars 2025.

Semi-naturlege naturtypar (naturtypar som er skjøtta/kultivert) utgjer dei fleste registreringane, både etter NiN-systemet og etter DN-handbok 13. Det finst ei [Raudliste over naturtypar](#), denne omfattar 123 naturtypar i Noreg. Mange av naturtypene i Vanylven er på denne raudlista. Raudlista for naturtypar er planlagt oppdatert i 2025.

Naturmangfaldslova § 52 definerer høve til å gi nokre naturtypar status som viktigare enn andre. Kva naturtypar dette er, er forskriftsfesta i [Forskrift om utvalde naturtypar](#) (siste versjon 2023).

I Vanylven er det tre naturtypar som er kartfesta og som kjem under definisjonen utvalt naturtype, desse er kystlynghei, olivinskog og slåttemark, sjå tabell. Kystlyngheier med svært låg kvalitet har ikkje status som utvald naturtype jf. eiga forskrift om utvalde naturtypar.


Naturtype registreringar klassifisert som utvald naturtype	Låg kvalitet	Moderat kvalitet	Høg kvalitet	Svært høg kvalitet	A-verdi	B-verdi	C-verdi	Totalt areal, ca.
Kystlynghei	11	5	2			7		87 daa
Olivinskog	2	4	6	3		2	2	35 daa
Slåttemark	2	1	2		2	4		4,5 daa
SUM, antall førekomstar	15	10	10	3	2	13	2	

Olivinskog

Vanylven utpeikar seg som ein av få kommunar i landet med olivinskog. Olivinskog er tørr og sesongfuktig furuskog på grunnlendte olivinryggar og åsar, med eit sterkt tyngdepunkt på Sunnmøre. Naturtypen er sjeldan i Norge med berre 114 lokalitetar og 19 av desse er i Vanylven, dvs. at kommunen har nesten $\frac{1}{4}$ del av førekomstane i landet. Olivin er elektrolytt-rike/magnesiumrike bergartar, som gir høg pH ved forvitring, og inneheld ofte ein del sjeldne, tungmetallholdige mineral, som kan opptre i giftige konsentrasjonar for ein del plantar. Rik olivinfuruskog er karakterisert av olivinplantar på bergflater, som brunburkne, grønburkne og blankburkne, samt innslag av kalkkrevjande lågurter og kalksoppar. Fattig olivinfuruskog har tjukke humuslag som legg eit surt "lok" over berggrunnen. Desse manglar olivin- og basekrevjande plantar og sopp, og skil seg lite frå andre typar fattig, humusrik furuskog.

Det er generelt låg kunnskap om lavartar knytt til olivinstein og kommunen har eit stort potensial for nye og viktige funn. Olivinblokklav (EN), er eit eksempel på lavart som er knytt til olivinstein. Denne er det i per i dag totalt 11 kjente funn i Noreg, derav 8 i Volda kommune. Potensial for funn av artar som er nye for Noreg og vitenskapen er stort.

Det er nyleg gjort kartlegging av olivinskog i kommunen på oppdrag frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (Lorentzen mfl. 2024), der Almklovdaalen og naturreservata Helghornvatnet og Raudehaugen vart undersøkt. I Almklovdaalen har olivinskog blitt redusert dei siste 50 åra på grunn av mineralutvinning. I 2023 var landskapet dominert av fleire store steinbrot, både aktive og ferdig utvinna felt (Lorentzen mfl. 2024). Det vart kartlagt seks olivinskogar i Almklovdaalen etter Miljødirektoratet sin instruks, tre av desse var ikkje registrert frå før.



Figur 9 Alle registrerte naturtypar (NiN-metode, lilla skraverte areal) i Almklovdaalen sør for Åheim. Områda som er utheva med gult er areal som er kartfesta som olivinskog.

Kystlynghei

Det finst ein god del kystlynghei i Vanylven, men dei fleste områda er i attgroing. Nokre stader, som i Syltedalen, er det framleis dyr på beite i utmarka og kystlyngheia er i nokså god tilstand. Men beitetrykket er for lite og det gror gradvis att også her.



Figur 10 Kystlynghei i Syltedalen (opp mot Syltehornet).

6.3 Artar

I Naturbase og Artskart finn ein oversikt over registrerte artar i kommunen. Det er viktig å vere klar over at datasettet ikkje nødvendigvis speglar det faktiske artsmangfaldet i kommunen, men i større grad kva slags artar det har vore størst interesse for å registrere. Dei ornitologiske miljøa har lang tradisjon med å registrere fugl og difor er denne artsgruppa truleg overrepresentert i datasetta. Det er også flest artsregistreringar i lett tilgjengelege område, medan ein har lite kunnskap om artar i område som er lenger vekk frå busetnad og vegar.

Fauna

Av punktfasta observasjonar av fisk, fugl, insekt, krepsdyr, pattedyr og andre dyr er det registrert opp mot 500 observasjonar av ulike artar i kommunen jf. Artskart. Dette er registreringar frå perioden 1918 og fram til 2024. Nesten 70 av dei registrerte dyreartane i Vanylven er på raudlista for artar, der fugl er den klart største artsgruppa med 55 ulike artar. Dei fleste registreringane er gjort ved kysten, og sjøfuglar utgjør ein stor andel av datasettet.



Raudlista artar er berre ein av fleire kategoriar artar som har nasjonal forvaltingsinteresse. I tillegg inngår prioriterte, freda eller spesielt omsynskrevjande artar, samt ansvarsartar. Noreg har i dag gitt 14 artar status som prioritert art. Av desse er svarthalespove (prioritert art) registrert fleire gonger ved elvemunningen av Fiskåelva, seinast i juli 2024.

I Naturbase er det kartlagt og definert 18 funksjonsområde for artar (1996, 2006 og 2008). Dei fleste registreringane er knytt til trekkveg for hjort og yngleområde for ulike fugleartar.

Det er fleire lakseførande vassdrag i kommunen, oversikt er tilgjengeleg i [Lakseregisteret](#). Laksebestanden (2015-2019) er vurdert for tre av elvane; Åheimselva (svært god), Oselva (dårleg) og Norddalselva (god/svært god).

Det er ikkje kartfesta vassdrag for sjøaure i kommunen, men arten finst truleg i alle elvar der det oppgang av laks. «[Mange bekkar små](#)» er eit samarbeidsprosjekt i regi av fylkeskommunen og statsforvaltar der målet er å betra forholda for sjøauren. Eitt av tiltaka i prosjektet er å kartfesta leveområda for sjøauren, og det er laga eit [kartverktøy](#) for å registrere bekkane, gyteforhold, oppvekstforhold, kant-vegetasjon og hindringar. Pt. er det ingen slike registreringar i Vanylven kommune. På nettsida til

prosjektet står det m.a.: *Lokal kunnskap og er avgjerande for å lykkast i prosjektet. Fylkeskommunen og Statsforvaltaren inviterer lag og foreiningar, grunneigarar og andre i å delta i kartlegginga, sidan dei sit med historisk informasjon om sjøaurebekkane, vandringsstrekker og informasjon om korleis vassstrengen såg ut før. Saman med flyfoto, historiske kart og gamle notat kan vi samanlikne dagens fiskeundersøkingar med slik det var før.*

[Elvemusling](#) er registrert i [Åheimsvassdraget](#). Elvemusling vart første gang registrert i 1975 og status for bestanden av elvemusling vert undersøkt jamnleg. Fiskåelva, Videlva og Oselva vart sjekka i 2023, men det vart ikkje gjort funn av elvemusling i desse vassdraga.

Flora

Av flora føreligg det registreringar av i overkant av 900 ulike artar i kommunen; ca. 440 karplantar, 180 mosar, 130 lav og 190 sopp. Av desse er 48 på raudlista frå 2021. I Vanylven er dei fleste raudlisteartane knytt til rikare skogtypar som olivinskog, rik edellauvskog og kalkskog, samt til semi-naturlege enger. Alle dei raudlista soppene er funne i denne typen habitat, og ein del av karplantane. Gusdalen/Almklovdalen er eit viktig område i kommunen med tanke på både raudlista naturtypar og artar.

Framande artar

Framande artar som det er finst flest registreringar av i kommunen er treslaget platanlønn (314) og plantearten parkslirekne (130). Parkslirekne har blitt svært dominerande enkelte stader i kommunen, langs vegar og vassdrag.



Figur 11 Dominans av parkslirekne langs bekk på Rovde.

Andre framande planteartar er m.a. bergfuru, europalerk, hagelupin, rynkerose og sitkagran. Det er også registreringar av framande fiskeartar, m.a. gjedde, mort, pukkellaks og ørekyt. Den marine framande arten japansk sjøpung (havespy), som er vurdert som ei stor fare for marint liv på sjøbotnen, er ikkje registrert i Vanylven enno. Arten finst bl.a. i hamneområde i Stavanger, Haugesund, Bergen og Florø, og kan spreist med båtar.


6.4 Marine naturtypar

Avgrensingar av marine naturtypar i kommunen er å finne i [Naturbase](#). Kartlegging av marine naturtypar i kommunen er gjennomført etter metodikk i DN-handbok 19 i perioden 2002-2021 (37 registreringar), men det er viktig å vere klar over at dei fleste førekomstane av naturtypar er modellerte og at det er knytt usikkerheit til desse.

Naturtypar i brakvassområde knytt til elvemunningar for Åheimselva og Fiskåelva vart kartfesta i 2002, basert på fleire eldre granskingar av naturmangfald i områda. I 2016-2019 var Vanylven del av eit pilotprosjekt for kartlegging av marin natur, og registrering av naturtypene større tareskogførekomstar og skjelsand vart oppdatert i 2019 basert på ein kombinasjon av feltkartlegging ifrå prosjektet og modellering. I tillegg til dette er det utarbeidd ein del rapportar i samband med reguleringsplanar eller andre kartleggingsarbeid. Døme på dette er konsekvensutgreiing av naturmangfald i sjø for Småstranda næringsareal, Breivika småbåthamn og i Kjødspollen for planlagt Stad skipstunnel, der ein m.a. har kartfesta naturtypen fjordar med naturleg lågt oksygeninnhold i botnvatnet i Kjødspollen.

Det er ikkje kartfesta område med korallførekomstar i kommunen, men artane augekorall - som lagar korallrev - og sjøbusk, sjøtre og risengrynkorall - som lagar hornkorallskog - er registrert fleire stadar i Rovdefjorden. To registreringspunkt ligg i Vanylven, eit nord for Syvdsnes og eit nord for Korsfura. Kartlegginga vart gjort på enkelte punkt i 2022 av

Runde Forskning og Møreforskning, i regi av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Truleg er korallførekomstar meir vanleg enn registreringane tilsei i Rovdefjorden, Hallefjorden og eventuelt i dei djupaste nordlege delane av Vanylvsfjorden.



Figur 12 Kart som viser kartlagde marine naturtypar (blå farge) og gytefelt/-område (brun skravor) i sjø per august 2025.

6.5 Gytefelt/-område i sjø

Det er fleire registrerte [gyteområde og gytefelt, samt oppvekst og beiteområde](#) i kommunen. Datasetta er under kontinuerleg oppdatering. Datasettet *Gytefelt for torsk* viser registreringar inst i fjordane Kjøddepollen, Syltefjorden og Syvde. Desse områda er spesifikt kartlagt av Havforskningsinstituttet (HI). Datasettet *Gyteområde for torsk* er kartfesta basert på intervju med fiskarar, der det i kommunen er det kartfesta slike område i Kjøddepollen, Syltefjorden, Haugsfjorden og Syvde. Datasettet *Gyteområde alle artar* er kartfesta basert på intervju med fiskarar. I kommunen er det kartfesta slike område i Kjøddepollen (torsk), Syltefjorden (torsk), Sandvika (pigghå), Haugsfjorden (torsk og hyse) og Syvde (torsk). I tillegg til desse gytefelt/-områda er det kartfesta eit oppvekst- og beiteområde lengst sørvest i kommunen, Kjøddepollen for arten hestmakrell, som er vurdert til å ha status A (registrert 2020). I Fiskeridirektoratet sin database er det også registrert flere rekefelt som indikerer leveområde for reker i Vanylvsfjorden, Vanylvsgapet/ Hakallestranda og Sandsfjorden.

6.6 Vassforvaltning

[Vann-nett](#) er ei nettside og kunnskapskilde til informasjon om vatn i Noreg. Her finn ein mellom anna informasjon om tilstand, potensial og mål for vassførekomstar i kategoriane elv, innsjø og kystvatn. Vassførekomstane dannar grunneininga i [Vassforskrifta](#) og dei er delt inn i hensiktsmessige einingar basert på geografiske og hydrologiske kriterium. Dagens miljøtilstand er vurdert ut frå data frå overvakingar, undersøkingar eller modellar. Miljøtilstanden er delt inn i 5 klassar (svært god, god, moderat, dårleg og svært dårleg tilstand).

Miljøtilstanden fortel korleis økologien og kjemien er i vassførekomsten, og for kvar enkelt vassførekomst er det sett miljømål for økologisk og kjemisk tilstand. I vassforskrifta § 4 er det eit generelt miljømål å verne vassmiljøet mot kvalitetstap, og dersom økologisk tilstand er dårlegare enn *god* må det setjast i verk tiltak for å kunne nå miljømålet for førekomsten. I § 12 i


vassforskrifta vert det stilt strenge vilkår for unntaksvis å tillate ny aktivitet eller nye inngrep i ein vassførekomst, som kan føre til at miljømåla ikkje vert oppnådde eller at tilstanden blir dårlegare.

Vassførekomstar i Vanylven er del av Møre og Romsdal vassregion og det er fylkeskommunen som sørgjer for overvaking av tilstanden i vassførekomstane på eit overordna nivå. Kommunen har likevel særskild ansvar for overvaking av påverknad på vassførekomstar frå utslepp frå kommunale avlaupsanlegg og deponi, og andre kommunale tiltak.

Kystvassførekomstane i Vanylven er klassifisert som svært god, god og moderat økologisk tilstand. Det er i hovudsak på grunn av forureining at nokre førekomstar har moderat økologisk tilstand. Årsakene til forureininga er diffus avrenning frå spreidd busetnad, punktutslepp frå reinseanlegg, diffus avrenning og utslepp frå fiskeoppdrett, fysisk endring grunna vegkonstruksjon (vegfilling Voksa-Marøya-Sandsøya), samt annan menneskeleg påverknad.

Alle innsjøane i kommunen er klassifisert til svært god eller god økologisk tilstand, med unntak av Gusdalsvatnet som har moderat økologisk tilstand. Årsak til klassifiseringa er diffus avrenning frå gruve/deponering. Kjemisk tilstand er berre klassifisert i to av innsjøane (God kjemisk tilstand i Myklevatnet og dårleg kjemisk tilstand i Gusdalsvatnet).

Elvane i kommunen er klassifisert frå god til svært dårleg økologisk tilstand. Den dårlege økologiske tilstanden er generelt knytt til diffus avrenning frå ulike kjelder i jordbruket, samt utslepp frå spreidd busetnad. I tillegg, hydrologiske endringar grunna vasskraft inkl. barrierar og slusar for flaumsikring. Kjemisk tilstand er vurdert for få av elvane. Der det er vurdert, er tilstanden klassifisert som dårleg eller god.




Figur 13 Oversikt – Øvst: økologisk status for kystvassførekomst og innsjø. Nedst: Økologisk status elv. Kjelde: Vann-nett/NVE, status per august 2025.

7 Oppsummering og forslag til prioriteringar

I rapporten [Supplerande kartlegging av naturtypar i Vanylven kommune 2007](#) (Statsforvaltaren Møre og Romsdal) er det gjort ei oppsummering av kunnskapsstatus for naturmangfaldet i kommunen. Rapporten peikar på at når det gjeld naturtypar, er det særleg dei viktige hovudnaturtypane skog, kulturlandskap og myr som er dårleg kjent i kommunen. Det vert også vurdert å vere manglar når det gjeld kalkrike område i fjellet (olivinområde) og berg/rasmark. Rapporten viser også at kunnskapsstatus for organismegrupper kan i sum reknast å vera dårleg kjent til bortimot ukjent for andre organismegrupper enn plantar (og sopp og mosar i nokre naturtypar).

Sidan statusrapporten vart utarbeida i 2007 er det gjort noko ny kartlegging i kommunen, men kunnskapsgrunnlaget for naturmangfaldet vert framleis vurdert som mangelfullt. Dei fleste datagrunnlagane er gamle og ein del er også av dårleg kvalitet.



Figur 14. Kart som viser kartleggingsstatus i kommunen. Grøn farge: Godt kartlagt. Gul farge: Kartlagt, men gamle eller ufullstendige data. Bør kvalitetssikrast. Ingen farge: Ikkje kartlagt.

7.1.1 Naturtypar

Det er viktig å auka kunnskapen om naturtypar der kunnskapsstatus er rekna som dårleg, men samstundes bør ein prioritere område med utbyggingspress for å sikre at naturmangfaldet vert teke omsyn til. Ein oppsummering av kunnskapsstatus for ulike naturtypar i kommunen er vist i tabell nedanfor, med forslag til prioriteringar for kartlegging.

Naturtypar	Kunnskapsstatus	Prioritering for vidare kartleggingsarbeid
Strandsone	Vanylven har både beskytta strandsone med elveos og blautbotnområde, og eksponert strandsone med hardbotn og strand. Dei viktigaste områda er registrert og avgrensa, men kunnskap om bl.a. undervasseng er mangelfull. Kunnskapsstatus for naturmangfald i brakkvassmiljø, og naturtypar i strandsone og i grunnvassområde er middels sidan registreringar stort sett er gjort for meir enn 20 år sidan.	Høg prioritet. Bør prioriterast for naturtypekartlegging, særleg i område med utbyggingspress.
Sjø	Nokre naturtypar på djupare sjøbotn, som tareskog og skjelsandførekomstar, er nyleg kartlagt og har god kunnskapsstatus. Kunnskap om korallrev, korallskog på djup hard- og blautbotn, samt sjøfjørsamfunn og svampskog er mangelfull. Potensiale for at det finst slike naturtypar i kommunen vert vurdert som stort.	Middels prioritet. Naturtypepane bør kartleggast i samanheng med utgreiing av tiltak med påverknad på djup sjøbotn, som djupvasskai eller nye akvakulturlokalitetar.
Semi-naturlege naturtypar	Kunnskapsstatus for kystlynghei, naturbeitemark og slåttemarkar er middels. Det er store areal av attgroande kulturlandskap, særleg kystlynghei, som ikkje er kartlagt.	Høg prioritet. Bør prioriterast for naturtypekartlegging, særleg i område med utbyggingspress.
Naturlege område opne under tregrensa	Aktuelle naturtypar i MD sin instruks er til dømes fosseeng og fosseberg, som det er svært få registreringar av i kommunen. Potensiale for at det finst slike naturtypar i kommunen vert vurdert som stort.	Låg prioritet. Naturtypar knytt til fossefall vil bli fanga opp ved eventuelle planar om kraftutbygging, då sektormyndigheit NVE krev kartlegging og utgreiing til grunnlag for konsesjonssøknad.
Skog	Vanylven er ein av kommunane i fylket med ein del olivinfuruskog og edellauvskog, særleg hasselskog. For desse vert kunnskapsstatus vurdert som middels. Det er registrert ein del nordvendte kystberg og blokkmark som ikkje lenger blir registrert som naturtype i MD sin instruks, men nokon av desse kan vere naturtypen boreonemoral regnskog. For andre relevante naturtypar i skog som flaumskog, gamal høgstaudegråorskog og lågurt-ospesskog er kunnskapsgrunnlaget dårleg.	Høg prioritet. Område med olivin i kommunen er relativt godt undersøkt, Almklovdaalen vart undersøkt i 2023. Andre skogområde er sporadisk undersøkt. Ein bør prioritere å få oversikt over kalkrike område sidan det er svært lite av det i kommunen, samt område med edellauvskog og flaumskog.

Våtmark	Vanylven har ein del myrområde, ofte i mosaikk med kystlynghei, nokre av desse er kartlagde, men potensiale er stort for funn av naturtypar, både nedbørsmyrer og rikmyrer (særleg i områda med olivin). Det er også potensiale for sumpskogar.	Høg prioritet. Våtmarksområda i kommunen bør prioriterast for naturtypekartlegging, særleg i område med utbyggingspress.
Fjell	Det er svært få registrerte naturtypelokalitetar i fjellet i Vanylven frå før og det er stort potensiale for å registrere vesentleg fleire førekomstar med både naturtypar og raudlisteartar knytt til fjellområda.	Middels prioritet. Det meste av naturen over tregrensa er no på raudlista. Trusselen er først og fremst klimaendringar. Bør kartleggast i konkrete utbyggingsprosjekt. Det vert også jobba nasjonalt med metodar for fjernmålingskartlegging av fjellområde.

I arbeidet med å auke kunnskapsgrunnlaget for naturmangfaldet er det viktig å samkøyre arbeidet med pågåande kartleggingsprosjekt. Eit døme på slik samkøyring er miljøregistreringer i skog (MiS) som er utført i nabokommunane til Vanylven. Denne typen kartlegging vert gjort i tilknytning til skogbruksplanlegginga og kan gi indikasjonar på kva areal som bør prioriterast for naturtypekartlegging etter MD sin instruks.

7.1.2 Artar

I tillegg til naturtypekartlegging vil det vere viktig å auke kunnskapsgrunnlaget om artar i kommunen. Det er ikkje utarbeidd ei prioriteringsliste for kartlegging av artar tilsvarande den for naturtypar gjennom arbeidet med denne planen. Kartlegging av artar og deira økologiske funksjonsområde kan vere veldig ressurskrevjande og det kan difor vere hensiktsmessig at denne typen kartlegging er spissa mot spesielt sårbare artar, eller vert utført i samband med prosjekt der ein kan vente stor påverknad på naturmangfaldet.


Generelt bør kommunen prioritere kartlegging av artar med nasjonal eller vesentleg regional forvaltingsinteresse, dvs. raudlista artar, prioriterte artar, freda artar og spesielt omsynskrevjande artar. Naturtypekartlegging etter MD sin instruks omfattar kartlegging av karplantar, mosar, lav og sopp, og kommunen vil til ei viss grad få auka kunnskapsgrunnlaget om desse organismegruppene i område der det vert utført ny naturtypekartlegging. Det same gjeld marine artar, spesielt store algar og makrofauna, som vert oppdaga ved naturtypekartlegging. Det kan vere aktuelt med eigne kartleggingsprosjekt i kommunen av visse raudlisteartar. Det kan også vere nyttig for kommunen å få avgrensa økologiske funksjonsområde for artar, til dømes viktige hekke- og overvintringsområde for fugl eller trekkruiter for fugl og vilt.

Tidlegare viltkartlegging i kommunen (Fylkesmannen i Møre og Romsdal) kan danne noko av grunnlaget for arbeidet med å avgrense økologiske funksjonsområde, sjølv om rapporten om naturtypekartlegging frå 2004 peiker på at viltbasen og viltkartet for Vanylven kommune inneheld mykje gammal og til dels feilaktig informasjon, og treng å oppdaterast. Rapporten peiker spesifikt på Flutvågsholmane, Rovdeskjeret, Videildvassdraget og Årskagelva som viktige viltområde.


Det vil også vere viktig å auke kunnskapen om vassdragsmiljøa i kommunen. Kunnskapen om dei større elvene i kommunen er ganske god, mens det er mindre kunnskap om dei mindre sjøaurebekkane. Restaurering er også eit viktig moment i arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet og mange vassdrag har stort potensiale for restaurering.

7.1.3 Samanhengande naturområde og press for utbygging

Større samanhengande naturområde (skog/myr/ope fastmark) er viktige som grøntkorridorar og har ein høg verdi som funksjonsområde for ulike artar og artsgrupper. Dei er viktige m.a. for at artar skal kunne bevege og spreie seg fritt, samt utføre sine livsfunksjonar. Slike område kan vera avgjerande for å oppretthalde levedyktige bestandar og for å ta i vare biologisk mangfald. Desse områda er særleg viktig å ta i vare og ikkje splitte opp eller påverke med bit-for-bit påverknad, t.d. utbygging, forureining. I Vanylven er dagens busetnad og jordbruksdrift relativt konsentrert langs kysten og dalane, sjå kart under. Det er kring desse areala det truleg er størst press på ny arealbruk i naturområda, sjå kart under som viser område som kommunen vurderer som pressområde. Kart på neste side viser naturområda i kommunen basert på Ar5 (skog, myr, ope fastmark), samt kjente registreringar av naturtypar og ein del av arts-registreringane som finst etter 2005 (her vist artar med forvaltningsinteresse). Område i kartet med samanhengande belte av skog og myr bør særleg takast vare på og skjermast for ny utbygging. Ein del av områda som kommunen har definert som pressområde overlappar med naturområde og er i eller i nærleiken av kartfesta verdifull natur (naturtypar/artar). I arbeid med kommuneplanen sin arealdel bør det jobbast vidare med å sjå data frå karta i figurane under i samheng, og peike på samanhengande naturområde som skal prioriterast som LNF-område. I dette arbeidet bør ein også sjå på *Landskapsøkologiske arealprinsipp* i rettleiaren [M100-2014 Planlegging av grønnstruktur i byer og tettsteder](#) (Miljødirektoratet).



Figur 15 Til venstre: Kart som syner busetnad, samferdsel og jordbruksareal (kjelde Ar5). Til høgre: Kart som grunnlag for diskusjon av pressområde og prioriteringar for kvar ein bør auke kunnskapsgrunnlaget i kommunen. Lilla omriss er område som er vurdert som pressområde av kommunen; Fiskå, Syvde, Åram/Hakallestranda og Rovde.



Figur 16 Oversiktskart av naturområde (skog, myr og ope fastmark), samt kjente registreringar av naturtypar og punktregistreringar av artar med forvaltningsinteresse (registreringar etter år 2005).

8 Mål og tiltak

I denne delen av kommunedelplanen går ein nærmare inn på korleis Vanylven kan redusere trugslane mot lokalt naturmangfald. Vidare er det sett opp konkret handlingsplan for å ta vare på naturmangfaldet i kommunen.

8.1 Gjeldande Samfunnsplan

Vanylven kommune har slik visjon (samfunnsdelen 2022-2040)

Vanylven skal vere blant Norges fremste miljøkommunar i vidaste forstand, med fokus på trivsel, vekst, berekraftig utvikling. Vi skal legge til rette for nytenking og innovasjon i næringslivet, eit bumiljø som skapar trivsel og samhald, kompakte og trygge tettstadar, infrastruktur for eit aktivt kulturliv og friluftsliv, og eit tilfredsstillande og effektiv

Eit av måla i samfunnsdelen er at **Vanylven kommune skal vere aktiv og imøtekomande for vekst og utvikling som er miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig.**

For å nå dette skal ein forvalte naturareala på land og i sjø på ein føreseieleg og berekraftig måte. Ein skal også vurdere klimarisiko og behovet for klimatilpassing i all planlegging.

I gjeldande samfunnsplan (2022-2040) er følgjande strategiar relevant for naturmangfald:

- Arealstrategi, Naturmiljø og ressursbruk:
 - Verdifulle naturområde og viktige grøne korridorar mellom større naturområde skal ivaretakast og sikrast. Det bør leggjast til rette for at det biologisk mangfaldet i naturområda blir utvida, og at uønska artar ikkje spreiar seg.
 - Byggjeområde i gjeldande arealplan som ikkje er utbygde og som ikkje lenger er aktuelle, skal vurderast tilbakeført til LNFR.
 - Utnytting av allereie utbygde område og gjenbruk/ombygging av eksisterande bygg skal prioriterast, for effektiv ressursutnytting og redusert behov for nedbygging av grøne område.
- Arealstrategi, Samfunnssikkerheit og klimatilpassing:
 - Det må sikrast tilstrekkeleg areal i utbyggingsområda til å sikre trygg bortleiing og handtering av overvatn. Eksisterande flaumvegar og flaumdempande naturområde skal i størst mogleg grad takast vare på. Opne, naturbaserte overvassløyser skal i utgangspunktet prioriterast framfor lukka løysinga.
 - Kantvegetasjon til vassdrag og naturlege flaumvegar bør bevarast så langt som mogleg.
 - Nedslagsfelt for drikkevasskjelder skal sikrast mot nedbygging eller annan arealbruk som kan innebere fare for forureining.

8.2 Prioritering av mål og tiltak

Denne kommunedelplanen er Vanylven sin første for naturmangfald for land og sjøområda. Det har difor vore viktig å peike på utfordringar og vidare peike på kvar ressursane bør leggjast. I vurderinga av kva tiltak som bør få fokus og prioritering er det gjort ei vurdering av kor stor trugselen er lokalt og i kva grad kommunen har høve til å løyse utfordringa, samt kva som er mest aktuelt i nærmaste framtid i Vanylven. Som vist i tidlegare kapitel er det arealendringar som er den viktigaste faktoren for tap av naturmangfald. Vanylven er i gang med rullering av kommuneplanen sin arealdel for landområda, medan sjøområda er dekkja av interkommunal kystsoneplan 2024-2036. Difor er kunnskapsgrunnlag og arealforvaltning på land særleg i fokus.

Kommunen er mynde etter plan- og bygningslova. Kommunen har såleis ein viktig og sentral rolle og påverknadskraft for saker som gjeld arealendringar og arealbruk. Særleg er kommuneplanen sin arealdel sentral ved at denne legg framtidige føringar for kva område som skal takast vare på (omsyn til natur) og kva område som kan utviklast/byggjast på. Det er i denne ein skal sikre at ny utbygging skjer på «rett stad» ut frå m.a. samla behov for den type tiltak i kommunen(/regionen) og konsekvensane av ny utbygging for miljø og samfunn.

Kommunedelplanen endrar ikkje kommunen si forplikting til å ta omsyn til overordna nasjonale eller regionale miljøinteresser, då desse skal følgjast uavhengig av denne kommunedelplanen.

8.3 Mål

Hovudmåla med kommunedelplanen for naturmangfald er at planen skal:

- **Nyttast som kunnskapsgrunnlag i samband med kommuneplanen sin arealdel**
Planen skal nyttast ved konsekvensutgreiing av arealinnspeil, vurdering av om utbyggingsføre mål i gjeldande arealdel skal vidareførast eller takast ut, bakgrunn for utforming av arealdelen med føremål, omsynssoner, bandlegging, føreseigner og retningslinjer.
- **Leggjast til grunn for framtidig arealforvaltning**
Med dette legg ein til grunn at kunnskapsgrunnlaget og målsetningane i planen vert aktivt nytta i samband med avgjersle etter lovverk som kommunen forvaltar.
- **Nyttast som kunnskapsgrunnlag ved utøving av offentleg mynde, inkludert drift av kommunen sine egne areal**
Med dette legg ein til grunn at kommunen skal vera bevist sitt ansvar og rolle som mynde, eiigar/driftar og haldningsskapande aktør.

Desse hovudpunkta er i påfølgjande kapitel delt inn og konkretiser i mål og retningslinje, og ei skildring av korleis ein kan oppnå dette.

8.3.1 Kunnskapsgrunnlaget

Dagens kunnskapsgrunnlag og status er vurdert i kapittel 6. Denne viser at mange av kartleggingane er av eldre dato, og det er behov for å betre kunnskapsgrunnlaget i kommunen.

MÅL	Spele inn område for offentlig naturtypekartlegging etter MD sin instruks
	Korleis oppnå dette? <i>Kommunen er ein pådrivar for at naturkartleggingar i regi av Statsforvaltaren vert gjennomført i kommunen</i> <i>Fokus bør være på hovudnaturtypane skog, kulturlandskap og myr. Ein bør prioritere område der det er stort potensiale for nye funn av raudlista naturtypar og arter, og der det samstundes er størst utbyggingspress.</i>
	Gjennomføre kartlegging av natur i eigen regi
	Korleis oppnå dette? <i>Søke midlar frå offentlig mynde for å gjennomføre naturkartleggingar, t.d. natursatsmidlar frå Miljødirektoratet.</i> <i>Fokus bør vera på:</i> <i>Naturtypekartlegging etter MD sin instruks i område med potensiale for funn av raudlista naturtypar og i område med utbyggingspress. Prioritering av våtmarksområde, enkelte skogtypar og område i kulturlandskapet som ikkje er kartlagt frå før.</i> <i>Naturtypekartlegging i sjø. Auke kunnskapen der eksisterande kunnskap er utdatert og i område med utbyggingspress.</i> <i>Kartlegging av funksjonsområde for artar generelt. Kartlegging bør vere spissa mot spesielt sårbare artar eller verte utført i samband med prosjekt der ein kan vente stor påverknad på naturmangfaldet.</i> <i>Kartlegge kommunen sine sjøarebekkar inklusiv habitatkartlegging med tanke på potensial for restaurering.</i> <i>Skaffe oversikt av lukka eller modifisert vassdrag i kommunen med tanke på potensial for restaurering/opne dei.</i>
	Kunnskapsgrunnlag ihht. naturmangfaldslova §8 i konkrete utbyggingsplanar/-prosjekt
	Korleis oppnå dette? <i>Det må i kvar enkelt sak vurderast om det er behov for nye eller oppdaterte kartleggingar for å tilfredsstille naturmangfaldslova § 8 om kunnskapsgrunnlaget.</i> <i>Dersom det finst informasjon om naturmangfaldet frå før må ytterlegare kunnskapsbehov vurderast av fagpersonar</i> <i>Der det ikkje føreligg informasjon frå før må området som eit minimum kartleggast for naturtypar etter MD sin instruks, og kartlegging av enkelte artsgrupper kan vere naudsynt. Kartleggingsbehovet må vurderast i forhold til tiltaket sin karakter og risiko for skade.</i>
	Kartlegge kommunen sine myrområde som kunnskapsgrunnlag i samband med arealplanlegging og klimagassregnskap
	Korleis oppnå dette?

- *Kartlegging og kvalitetssikring av datasett som viser kommunen sine myrområde. Arbeidet bør fokusere på intakte myrområde då desse har størst verdi for naturmangfald og karbonlager med meir, men kommunen bør også skaffe oversikt på modifiserte myrområde med potensial for restaurering. Kartlegginga bør prioritere kartlegging av store samanhengande myr/våtmarksområde, samt område med størst utbyggingspress. Døme på framgangsmåte: Kartlegging basert på flyfoto for å fange opp myrområde som i dag ikkje ligg inne i AR5 kartgrunnlaget, samt stadfeste dei areala som allereie er del av AR5. Kvalitetssikring og eventuelt djupnemåling av desse i felt.*

8.3.2 Arealforvaltning

Arealendringar og tap av leveområde er den største trugselen mot naturmangfaldet. Den største verdien av arealplanlegging for å sikre naturen er at planlegging og forvaltning gir høve til å hindre eller avgrense utbygging og nye tiltak. Det mest sentrale lovverket for å styre arealbruk er plan- og bygningslova. Som lokal planmynde har kommunane stor påverknadskraft for å avgrense tap av naturmangfald som følgje av arealendringar.

Kommunen har i samfunnsdelen definert mål for å sikre utvikling og verdiskaping. Dette vil i neste omgang kunne medføre utbygging i naturområde. I desse sakene er det viktig at kunnskap om natur og miljø vert synleg slik at vedtak vert fatta basert på eit faktagrunnlag som belyser konsekvensen for natur og miljø, ref. kapittel 4 om målkonflikt og prioriteringar.

Omsyn til naturmangfald skal vektast høgt i all arealplanlegging	
MÅL	Korleis oppnå dette? • <i>Det skal takast omsyn til registreringar av naturtypar, funksjonsområde for artar, og andre kartfesta førekomstar med verdi for naturmangfaldet.</i> • <i>Det skal vera ei restriktiv haldning til å endre eller fjerne naturområde.</i> • <i>Omsyn til natur må sjåast i samanheng med friluftsliv, folkehelse og klimatilpassing.</i> • <i>Prinsippa i tiltakshierarkiet bør takast i bruk i alle planarbeid.</i> • <i>Areal- og naturregnskap skal utarbeidast i alle planar etter plan- og bygningslova.</i>
	Kommuneplanarbeidet skal planvaske dagens plansituasjon med fokus på og omsyn til naturmangfald
	Korleis oppnå dette? • <i>Ta i bruk prinsippa i tiltakshierarkiet.</i> • <i>Ta aktivt i bruk resultat frå kartlegging av funksjonell strandsone for å ta i vare strandsoneareal som har økologisk direkte samspel med sjøen.</i>

- Fokus på økologiske funksjonar og funksjonsområde. Vidareutvikling av temakart for samanhengande naturområde som er viktig å ta vare på i samband med kommuneplanen sin arealdel. Målet med temakartet er å sikre gode og breie nok grønne korridorar mellom naturområde, ta i vare store og samanhengande grøntområde, unngå fragmentering og sikre buffersoner i utbyggingsområde. Sikre viktige naturområde mot utbygging.
- Prioritere for utbygging område som er eigna for utbygginga, og sikre viktige naturområde mot utbygging.
- Gjennomføre behovsvurderingar for kvar enkelt arealtype i neste planperiode, og om det finst areal for transformasjon før bygging i naturområde.
- Vurdere arealnøytralitet som prinsipp og plangrep. Det er mogleg å vera arealnøytral for heile kommunen eller deler av kommunen. Det kan også vera ulikt innhald i kva som må gjennomførast av tiltak for å definere ei utbygging til å vera arealnøytral.

Ta i vare myrområda i kommunen

Korleis oppnå dette?

- Myrområde skal takast omsyn til slik at dei ikkje mister sin økologiske funksjon.
- Vurdere krav om restaurering av myrområde.

Ta i vare kulturlandskap og hindre attgroing

Korleis oppnå dette?

- Ha restriktiv haldning i saker om å endre kulturmark til utbyggingsføremål.
- Oppfordre til skjøtsel og informere om høve for å søke om offentleg midlar for tiltak/skjøtsel.
- Sikre god kopling til utforming av ny landbruksplan for kommunen. Forhold til drift, skjøtsel og kopling til naturmangfald må løftast fram.

Medverke til å nå miljømåla for vassførekomstar

Korleis oppnå dette?

- Gjennomføre kartlegging av vassdraga i kommunen for å betre kunnskapsgrunnlaget. Sjå mål om kunnskapsgrunnlag.
- Sikre god kopling til utforming av ny landbruksplan for kommunen. Forhold til drift og handtering av m.a.. gjødsel, samt skjøtsel av kantsone til vassdrag må løftast fram.
- Som del av arbeid med rullering av kommuneplanen sin arealdel skal påverknad på vassførekomstar vurderast ihht. vassforskrifta § 4.
- Utforme plandokument til kommuneplan sin arealdel og reguleringsplanar som sikrar
 - At kantsone mot vassdrag vert teke vare på (unntak kan vera restaureringstiltak og normal landbruksdrift som skjøtsel og rydding).
 - At opne og naturlege vassdrag vert teke i vare i si naturlege form. Elver og bekkar skal som hovudregel ikkje leggjast i kulvert/tunnel/røyr el.l.. Sikre ei vurdering av om lukka elvar/vekker skal opnast og tilbakeførast i si naturleg form.
 - Krav til naturbaserte løysingar for handtering av overvatn.

8.3.3 Vanylven kommune som mynde og grunneigar

Kommunen har som lokal aktør stor påverknad. Kommunen er mellom anna vedtaksmynde innan fleire ulike lovverk, samt grunneigar/eigar/driftar. I tillegg er kommunen ein aktør som har høve til å sette i gang haldningsskapande kampanjar.

Kommunen har ei viktig rolle for å sikre samordning og avveging av samfunnsinteresser. Denne rolla krev kunnskap, kompetanse og politisk vilje til å setje natur på dagsorden. I nokre tilfelle kan dette innebere å måtte ta upopulære val som gagnar storsamfunnet heller enn private interesser.

MÅL	Styrke kommunen sitt fagmiljø på natur og miljø
	Korleis oppnå dette? <i>Gjera kunnskapsgrunnlag tilgjengeleg ved at tidlegare rapportar og utgreiingar av naturmangfald bør samlast og gjerast tilgjengeleg for sakshandsamarar og for ålmenta t.d. på nettsida til kommunen.</i> <i>Vurdere å ta initiativ til interkommunalt samarbeid knytt til natur- og miljøkompetanse.</i>
	Alle kommunale vedtak må vurdere naturmangfaldslova sine miljørettslege prinsipp §§ 8-12, jf. §7. Alle kommunale vedtak som omfattar vassførekomstar må vurdere tiltaket ifht. vassforskrifta §4.
	Korleis oppnå dette? <i>Det skal utarbeidast prosedyre/sjekkliste for naturfaglege vurderingar i sakshandsaming, som eit verktøy for å vurdere påverknad på natur ved gjennomføring av planar/tiltak.</i> <i>Det må setjast krav til konsekvensutgreiing av naturmangfald og/eller vassmiljø i samband med reguleringsplanar som medfører utbygging i naturområde eller som har påverknad på naturverdiar i tilgrensande område.</i>
	Tiltaksplan for å fjerne framande artar og hindre bruk av ureine massar
	Korleis oppnå dette? <i>Utarbeide tiltaksplan for å hindre spreiding av framande artar.</i> <i>Basert på prioritering i tiltaksplanen gjennomføre tiltak for å fjerne framande artar og informasjon-/haldningsskapande tiltak.</i> <i>Sette krav til massehandteringsplanar i samband med tiltak/planar. Og krav til at ev. framande artar som er vurdert som høgrisikoartar, må bekjempast/fjernast. Vidare at det ved utfyllingar og tilførte massar skal jord- og steinmassar ikkje vera forureina over normverdiane (jf. forureiningsforskrifta kap. 2, vedlegg 1) eller innehalde framande skadelege artar.</i>

Vera pådrivar for haldningsskapande kampanjar

Korleis oppnå dette?

- *Omsyn til natur må sjåast i samanheng med tiltak og føremål i kommunen sin klimaplan frå 2019.*
- *Kommunen må informere om nasjonale, regionale og lokale kampanjar for å hindre tap av naturmangfald, som t.d. strandrydding, plastfri fjord, risiko ved planting av framande artar, søknad om tilskot for skjøtsel av kulturlandskap.*

8.4 Tiltaksplan 2026-2027

Det er valt å lage ein kortsiktig tiltaksplan for dei to førstkommande åra etter vedtak av planen. Målet er at tiltaksplanen skal rullerast ila. 2027 for å avstemme status på tiltaka som her er teke inn, samt for å kunne evaluere mål/retningslinje og tiltaksplanen undervegs i kommunedelplanen sin planperiode. Som del av rulling av tiltaksdelen hausten 2027 og kommunedelplanen skal det inviterast til sær møte med lokale aktørar og organisasjonar/lag for å få innspel til kva som bør prioriterast i neste periode.

Tiltaka i perioden 2026-2027 er sett i lys av prioriteringar, samt kommunen sin ressursituasjon og tidsperspektiv for gjennomføring.

Tiltak	Korleis oppnå dette?	Gjennomføring
Utarbeide kunnskapsgrunnlag for utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel	Vinter/vår 2026: 1. Arealreserve: Kvalitetssikre Møre og Romsdal sin arealreserve 2. Teknisk retting av arealføremål i gjeldande KPA 3. Oversikt eksisterande arealbruk 4. Vurdere arealbehov i neste planperiode 5. Mal og sjekkliste for å vurdere vidareføring av gjeldande areal i KPA og reguleringsplanar 6. Definere langsiktig arealgrense for å ta i vare natur og jordbruk mot nedbygging. I dette ligg det å definere senterstruktur og lokalisere kor framtidig utbygging i kommunen bør skje. 7. Vidareutvikle temakart økologiske samanhengande naturområde	ADM 2026
Kommuneplanen sin arealdel	Vår/sommar 2026: 1. Gjennomføre planvask basert på kunnskapsgrunnlag og arealstrategiar 2. Ta i bruk omsynssone naturmiljø for område med naturverdiar 3. Utforme føresegner som sikrar viktig naturmangfald og naturområde i sjø og på land, kantsone og avstand for byggetiltak til vassdrag med meir. 4. Sette byggjegrænse til sjø og vassdrag 5. Implementere føringar frå interkommunal kystsoneplan (2024-2036) for ytre søre Sunnmøre	ADM og politisk 2026
Utarbeide tiltaksplan for framande artar	Seinast våren 2027: Legge grunnlag og organisering for utforming av tiltaksplanen og feltarbeid sesongen 2027. Som ein del av organisering av planen bør det undersøkast om det er tiltaksmidlar for planen og å gjennomføre tiltak. Det må også takast initiativ til samarbeid med Fylkeskommunen som eigar av fylkesveggar.	ADM 2026/27

	Planen må innehalde ei kartfesting av store førekomstar av framande artar, som t.d. parkslirekne, sitkagran og platanlønn. Den bør også ha ein konkret handlingsplan der det vert valt ut delområde og artar der tiltak skal setjast i verk.	
Oppdatere kunnskapsgrunnlag - Søke om midlar hos Miljødirektoratet for gjennomføring av kartleggingar	Det er ønskeleg å auke og betre kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald i kommunen. Dette vil ein m.a. gjera ved å årleg søke midlar frå Miljødirektoratet, Natursat-smidlar og eventuelt andre midlar som er tilgjengeleg: - 2026: Vidareføring av kartlegging gjennomført av naturtypar i 2025. Søknad om kartlegging av naturmangfald i utvalde område. Prioriterte område bør vera knytt til vassdrag, våtmarksområde, enkelte skogtypar, kulturlandskap og område med utbyggingspress. - 2026: Søknad om midlar for gjennomføring av planvask for kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar (frist naturstatsmidlar er 15. januar)	ADM 2026
Vassdragsnatur - Sikre opne elvar/bekkar - Oversikt og prioritering av restaurering	Føresegner i ny kommuneplan må sikre handtering av vassdragsnatur; - Sikre at naturleg opne vassdrag vert teke i vare og ikkje lukka - Sikre naturbaserte løysingar for handtering av overvatn Hausten 2026 skal kommunen sette i gang prosjekt og skaffe oversikt av kor det er lukka vassdrag i kommunen. Dette skal danne grunnlag for vurdering av potensial for restaurering/ opning av lukka vassdrag, samt søknad om midlar for gjennomføring av tiltak. I vurdering av potensial og prioritering av kva tiltak skal gjennomførast må det m.a. vurderast om det vil oppfylle krav og omsyn til overvasshandtering og klimatilpassing, vil det medverke til å nå mål i regional vassforvaltning, vil det fjerne vandringshinder for fisk og vil det medverke til gode kvalitetar for folkehelse/friluftsliv.	ADM 2026 ADM 2026/2027
Avklare ansvarsforhold naturreservat	Vinter/vår 2026: Avklare kommunen si innstilling til å vera ansvarsmynde for naturreservata Helghornvatnet og Raugehaugen. Prosessen skal starte våren 2026 med å samle inn kunnskap om avklaringa. I første omgang gjennomføre dialogmøte med Statsforvaltar for å avklare ansvaret kommunen har i dag, og kva prosessar må gjennomførast for å endre ansvarsmynde. Vidare utarbeide politisk sak med framlegg til innstilling - vidareføring eller endring av dagens status. Saka må også ta stilling til trong for ressursbruk i samband med konklusjon i vedtaket.	ADM og politisk 2026

Noreg har 23 nasjonale mål for miljø. Utviklinga blir målt ved hjelp av miljøindikatorar og dei nasjonale miljømåla for naturmangfald er:

- Økosystem skal ha god tilstand og levere økosystemtenester
- Ingen artar og naturtypar skal utryddast, og utviklinga for trua og nær trua artar og naturtypar skal forbedrast.
- Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for komande generasjonar.

Vassforskrifta og Regional plan for vassforvaltning i vassregionen for Møre om Romsdal 2022 - 2027

Vassforskrifta sett m.a. mål om å oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand for vassførekomstane. Særleg relevant i denne samanhengen er forskrifta §12 om ny aktivitet eller nye inngrep og § 24 om miljømålfastsetting i vassregionar. Regional plan for vassforvaltning i vassregionen for Møre om Romsdal 2022 - 2027 skildrar situasjonen for vatnet i dag, sett konkrete mål for framtidig miljøtilstand og skisserer løysingar for å nå god nok tilstand.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging skal liggje til grunn for kommuneverksemda og økonomiplanen. Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning, er ei av dei fire hovudutfordringane som regionale og lokale styresmakter skal handtere.

Ved revidering av arealdelen i kommuneplanen, vurderer kommunen om tidlegare godkjend arealbruk skal endrast av omsyn til klima, naturmangfald, kulturmiljø, jordvern, reindrift, klimatilpassing, samfunnstryggleik og eit føremålstenleg utbyggingsmønster og det blir vist til mellom anna følgjande nasjonale forventingspunkt:

- Ved revidering av arealdelen i kommuneplanen, vurderer kommunen om tidlegare godkjend arealbruk skal endrast av omsyn til klima, naturmangfald, kulturmiljø, jordvern, reindrift, klimatilpassing, samfunnstryggleik og eit føremålstenleg utbyggingsmønster. (pkt 47)
- Viktig naturmangfald, jordbruksareal, vassmiljø, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturmiljø og landskap blir kartlagde og sikra i planlegginga. Samla verknader av eksisterande og planlagd arealbruk blir lagt vekt på. (pkt 53)
- Planlegginga bidreg til å sikre naturverdiar og god miljøtilstand i vatn, blant anna ved å unngå å planleggje for byggjetiltak i våtmark når det finst gode alternativ. (pkt 60)

Kommuneplanens samfunnsdel 2022 – 2032 (09.05.2023)

Kommuneplanens samfunnsdel er kommunen sitt overordna styringsdokument. Her blir dei langsiktige måla og strategiane for kommunen fastsette. Vanylven kommune skal vere ein føregangskommune innan klima- og miljøtiltak. Sjå kapittel 7.1 for detaljar.

Klimaplan 2018 – 2030 – kommunedelplan (07.05.2019)

Klimaplanen skal vere ein plan for korleis kommunen kan nytte rolla si som samfunnsaktør, og for korleis kommunen kan driftast på ein meir klima- og miljøvennleg måte. Innanfor denne avgrensinga skal planen omhandle mål og tiltak for klima, klimatilpassing og miljø. Planen skal sjå desse tre temaa i samheng. Kommunens visjon i klimaplanen er: «Vanylven skal vere blant Norges fremste miljøkommunar i vidaste forstand, med fokus på trivsel, vekst og berekraftig utvikling.»

Klimaplanen hadde følgjande tre delmål fram mot 2030: 12 % reduksjon av dei totale klimagassutsleppa (CO₂-ekv innan 2022). 25 % reduksjon av dei totale klimagassutsleppa (CO₂-ekv innan 2026). 40 % reduksjon av dei totale klimagassutsleppa (CO₂-ekv innan 2040) Miljødirektoratet sin oversikt viser til at kommunen berre har oppnådd ein reduksjon på 2,1 % innan 2022. Det er difor nødvendig å revidere klimaplanen i gjeldande planperiode og der vil plan for naturmangfald kunne vere eit kunnskapsgrunnlag.

10 Viktige omgrep og ordforklaringar

Natur og naturmangfald

Natur er økosystem, landskap og miljø som ikkje er prega av menneskelege inngrep. Naturen er sjølve økosystema, og dei områda kor økosystema i stor grad kan virke av seg sjølv, utan at menneska kontrollerer prosessane.

Område med natur har varierende naturmangfald eller biologisk mangfald. Biologisk mangfald er mangfaldet av levende organismar. Som oftast viser omgrepet til tal artar, men det kan også vise til genetisk mangfald (ulike variantar/bestandar av same art) eller mangfald i leveområde og nisjar i et område. Det er stor naturleg variasjon i biodiversitet mellom ulike miljø og område. Gamal edellauvskog har til dømes ofte veldig høgt biologisk mangfald, mens arktiske miljø ofte har lågt biologisk mangfald.

Det biologiske mangfaldet vert styrt av ulike gradientar, dei fire best kjente er følgande:


- Breiddegradsgradienten: Det er større diversitet i tropane enn i polare område.
- Høgdegradienten: I terrestriske miljø (på land) er det vanlegvis lågare biodiversitet jo høgare over havet ein kjem.
- Djupnegradienten: I akvatiske miljø (i vatn og sjø) er det vanlegvis lågare biodiversitet jo djupare ein kjem.
- Suksesjonsgradienten: Klimakssamfunn har ofte høgare biodiversitet enn pionérsamfunn, til dømes ein gamal skog i forhold til ein ung skog.

Dette gjer at enkelte naturtypar eller økosystem er rekna som nøkkelbiotopar, og er viktige økologiske funksjonsområde for mange artar.

Økosystem og økosystemtenester

Eit økosystem er alle dei levande organismane som finst på ein stad og miljøet dei lever i. Eit økosystem kan vera lite som ein pytt, eller større t.d. skog eller fjellparti.

Økosystemet bidrar med tenester, dette er godar og teneste som vi får frå naturen. Dette er forsynande tenester som t.d. ferskvatn, regulerande tenester som t.d. pollinering og kulturelle tenester som t.d. rekreasjon og friluftsliv.




Naturtypar

Ein naturtype vert i naturmangfaldlova definert som ein "einsarta type natur som omfattar alle levande organismar og dei miljøfaktorane som verker der, eller spesielle typar naturførekomstar som dammar, åkerholmar eller liknande, samt spesielle typar geologiske førekomstar".

Omgrepet ligg tett opptil omgrepet økosystem. I norsk forvaltning vert det brukt både om område som er lite påverka av menneskeleg aktivitet, så vel som kulturbetinga naturtypar.

Raudlista

Raudlista er ein oversikt over trua natur, både artar og naturtypar. Artane og naturtypene er kategorisert etter kor høg risiko dei har for å dø ut med dei rådande forholda. Den norske raudlista vert oppdatert kvart 6. år, neste oppdatering er i 2025. Av dei 23.405 artane som er vurdert står 4.957 (21%) artane på den norske raudlista for artar i 2021. Raudlista inneheld dei kategoriane som er vist i figuren under og omgrepet «trua» art omfattar dei tre kategoriane kritisk trua, sterkt trua og sårbar.



Artar er delt inn i ulike kategoriar, sjå figur under.

- Artar av stor og svært stor forvaltningsinteresse: Dette er artar som Miljødirektoratet har vurdert å ha nasjonal forvaltningsinteresse. Artane er valt ut etter spesifikke kvalitetskrav og utvalskriterar. Dette datasettet omfattar punkt for enkelte artar, men også funksjonsområde for arten. Funksjonsområde er eit område som oppfyller ein bestemt økologisk funksjon for ein art, t.d. beiteområde, spelplass og hekke-/yngleområde.

- Framande artar: Dette er artar som opphavelig ikkje høyrer heime i landet eller regionen, og som har spreidd seg med menneskeleg hjelp. Dei kan spreie seg gjennom utsetting, dumping av hageavfall, flytting av jordmassar eller ved frøspreiing. Artsdatabanken har utarbeida Framandarts-lista (2023) som viser kva økologisk risiko den framande arten kan gjera for naturmangfaldet i Noreg.
- Freda art: Dette er artar som er freda etter [forskrift om fredning av trua artar](#). Dette er artar som er særleg trua av hausting eller anna direkte uttak. Artane er freda mot innsamling, skade og øydelegging. Per august 2025 er det 58 freda artar i Noreg.
- Prioritert art: Dette er artar som har fått status som gir ekstra vern etter naturmangfaldslova. Det er forbode å ta livet av, skade eller øydelegge den prioriterte arten. Per august 2025 er det 14 prioriterte artar i Noreg.

